



Aili Vibeke Mjåtvedt Holst
Fosse 189
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/17306 - 20/71035

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
09.11.2020

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 325/5,41 Fosse

Tiltak: arealoverføring
Byggjestad: Gbnr: 325/5,41
Tiltakshavar: Aili Vibeke Mjåtvedt Holst
Reidar Holst

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad .

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Dispensasjonssøknad frå planformål LNF(landbruks-, natur og friluftsområde). Det er eit generelt byggje og deleforbod på areal sett av til LNF formål i kommunedelplan for Meland. Dette gjeld for tiltak som ikkje er i tråd med arealformålet. I og med at ein søker om arealoverføring av areal sett av til LNF må ein søkje om dispensasjon frå dette formålet. Slik søknad må vera godt grunngjeven. Meir informasjon om søknad om dispensasjon finn ein på kommunen si heimeside:
<https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/skal-du-byggje-ende-eller-rive/nabovarsel/>
2. Det er i kommunedelplan for Meland (tidlegare kommuneplan) sett ei grense på 1.5da for fritidsbustadar. Slik søknaden er forma ser det ut til at tomte vert om lag 1.9da. Du då også søkje om dispensasjon for størrelse på tomt for fritidsbustad punkt 1.6.14 i kommunedelplan for Meland eller redusere arealet i søknaden til 1.5da.
3. Søknad om arealoverføring og dispensasjon skal nabovarslast. Dette manglar i søknaden. Det er slik vi ser det kun trong for å varsel eigar av gbnr 325/13, dette om det ikkje er andre som har rettar på arealet som vert omsøkt. Legg ved kopi, kvittering og eventuelle merknader. Meir informasjon finn du her:
<https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/skal-du-byggje-ende-eller-rive/slik-sokjer-du-ny/varsle-naboane-dine/>

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **07.12.2020**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Aili Vibeke Mjåtvedt Holst
Reidar Holst

Fosse 189
Fosse 189

5919 FREKHAUG
5919 FREKHAUG